

ID.556.26
MH/thm

Til
Vestland fylkeskommune
v/ Hovudutval for samferdsel og mobilitet, Fylkesutvalet
Askedalen 2
6863 Leikanger

Merknad frå Sunnhordlandsrådet ad PS 74/2026 Rutetilbod i ferjesambandet Husavik- Sandvikvåg

Sunnhordlandsrådet IPR representerer kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes.

I Regionstrategi Sunnhordland 2040 er eitt av dei tre viktigaste innsatsområda å «binde regionen saman». Målet er at Sunnhordland skal vere ein samla og integrert arbeidsmarknadsregion der innbyggjarane kan bu, arbeide, utdanne seg og delta i samfunnslivet på tvers av kommunegrensene. Strategien peikar på transport- og samferdsletilbod som ein avgjerande føresetnad for å få dette til.

For Austevoll er ferjesambandet Husavik–Sandvikvåg den viktigaste koplinga til resten av Sunnhordland. Tilbodet må derfor vurderast ut frå kva rolle det spelar for arbeidsmarknad, utdanning, helse- og omsorgstenester og regional utvikling.

Dagens rutetilbod gjer det vanskeleg å fungere som ein felles arbeidsmarknadsregion. Det må vere mogleg for ein innbyggjar i Austevoll å arbeide på Fitjar, Stord eller andre stader i regionen, også i helger og ved skiftarbeid, (og visa versa). Det må vere mogleg å møte på jobb ved verksemder som Lerøy Fitjar til ordinær arbeidstid i helg. Det må vere mogleg for sjukepleiarar og andre tilsette i helse- og omsorgstenestene å pendle mellom Austevoll og resten regionen ved vaktskifte, både på kvardagar og i helger.

På same måte må ungdom og studentar kunne nytte vidaregåande skular, utdanningstilbod og fritidsaktivitetar i regionen utan at manglande ferjeavgangar hindrar deltaking. Skal Sunnhordland lukkast med måla om å vere ein attraktiv kompetanseregion, må transporttilbodet byggje opp under utdanning og rekruttering.

Sunnhordlandsrådet meiner at dagens ferjetilbod på Husavik–Sandvikvåg ikkje i tilstrekkeleg grad støttar opp under desse måla. Det er færre avgangar i veker og helg enn det som fylket sin eigen tabell tilrår.

Det er hol i rutetabellen, som gjer at vi har gjenståande næringstrafikk midt på dagen, og det er lita opningstid, særleg i helger og utanom ordinær arbeidstid, som avgrensar moglegheitene for pendling og fører til frustrasjon for dei reisande. Gjenståande bilar og manglande kapasitet svekkjer føreseielegheita for både arbeidstakarar, studentar og næringsliv.

Dette kjem på eit tidspunkt der både næringslivet og offentlege tenester opplever aukande utfordringar med rekruttering. Regionstrategien peikar nettopp på tilgang til arbeidskraft og utvikling av ein større felles arbeidsmarknad som avgjerande for framtidig vekst i Sunnhordland. Eit svakt ferjetilbod gjer at vi ikkje når dei måla regionen har samla seg om.

Å venta til nye driftskontraktar kjem på plass, tidlegast i 2030, vil bremsa utviklinga og gradvis svekkja den felles bu- og arbeidsregionen.

På denne bakgrunnen ber Sunnhordlandsrådet Vestland fylkeskommune om å:

- styrkje ferjetilbodet på Husavik–Sandvikvåg slik at sambandet støttar opp under Sunnhordland som felles arbeids- og utdanningsregion
- redusere hol i rutetabellen og sikre betre korrespondanse med arbeidstider, skiftordningar og utdanningstilbod
- sikre tilstrekkeleg kapasitet slik at talet på gjenståande bilar vert redusert
- leggje måla i Regionstrategi Sunnhordland 2040 til grunn ved framtidige vurderingar av ferjetilbodet i sambandet.

Sunnhordland, 11. september 2026

Morten Helland
Rådsordførar Sunnhordlandsrådet

Tora Haslum Myklebust
Dagleg leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift